

DELEGASJONSREGLEMENT FOR FRÆNA KOMMUNE

1.0 GENERELLE REGLAR OG PRINSIPP FOR UTØVING AV REGLEMENTET

1.1 Generelle reglar om utøving av delegert mynde

Formålet med dette reglementet er å få til ei rasjonell og effektiv drift av kommunen til beste for innbyggjarane og i tråd med dei folkevalde sine intensjonar.

Delegering forelegg når eit organ eller ein person i kommunen som har mynde til å treffe avgjer på kommunens vegne, tildeler eit anna organ eller ein person same mynde eller delar av same mynde.

All delegert mynde skal utøves etter gjeldende lover, forskrifter og retningslinjer gitt av overordnet organ og i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som følger av lov, forskrift og god forvaltningsskikk.

All delegasjon skal skje skriftleg.

Kommunestyret er kommunens øverste organ, jf. kommunelova § 6, og treff avgjerd på vegne av kommunen i alle saker, så langt ikkje anna følger av lov eller gyldig delegasjonsvedtak.

Kommunestyret behandlar alle saker av stor politisk eller prinsipiell betydning.

Kommunestyret kan etter kommunelova §§ 8 nr. 3, 9 nr. 5, 10 nr. 2 og 4, 11 nr. 3, 12 nr. 3, 13 nr. 1, og 24 nr. 1 deleger mynde til andre politiske organ der kommunestyret ønskjer ei politisk avgjerdsmynde.

Rådmannen behandlar alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. kommunelova § 23 nr. 4.

Delegert mynde skal utøves innanfor dei plan- og budsjetttrammer som er vedtatt av kommunestyret eller anna overordna organ.

1.2 Prinsipielle saker

1. Dersom det er tvil om ei sak er av prinsipiell karakter, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av prinsipiell karakter skal handsamast i det politiske systemet, har ordførar og rådmann ansvaret for å avklare dette.
2. Dersom desse er i tvil, kan spørsmålet avgjerast av ordføraren, eller denne kan leggje saka fram for formannskapet for avgjerd.
3. I alle saker som har vorte vurdert slik, og der det blei bestemt at saka skulle avgjerast administrativt, skal vedkomande politiske utval få framlagt såka som referatsak i første møtet etter at avgjerda er tatt.
4. Dei avklaringane som vert gjort gjennom handsaminga av slike tvilstilfelle, utviklar ein sedvane som supplerer reglane i delegasjonsreglementet.
5. Det kan lagast eigne reglar (vedtekter/retningslinjer) for handsaming av bestemte sakstypar som går igjen med jamne mellomrom.

Det kan som utgangspunkt vere nyttig i sonderinga mellom prinsipiell/ikkje prinsipiell sak å spørje seg om det til grunn for avgjerda trengs meir enn faglege og/eller regelbundne vurderingar. Kjem ein inn på politiske vurderingar eller prioriteringar, er saka å rekne som prinsipiell. I praksis bør saker der det er tvil handsamast som prinsipielle. Vidare er det ein føresetnad at sakshandsamar konfererer med sin overordna eventuelt rådmannen når det er tvil.

1.3 Tilbakekalling av delegert mynde

Kommunestyret, eller det organ det bemyndiger, kan når som helst trekke tilbake delegert mynde. Kommunestyret gir dei politiske utvala ansvar for til ei kvar tid å vurdere behov for endring av gjeldande delegasjonsvedtak innan respektive ansvarsområder.

1.4 Rett til å unnlate å gjere bruk av delegert mynde

Den som har fått delegert mynde, kan overlate til det overordna organ å ta avgjerd i spesielle saker.

1.5 Rett til å gjere om avgjerder

Eit organ med delegert mynde kan på eige initiativ gjere om eit vedtak, og vedtak gjort av underordna organ i samsvar med forvaltningslova sin § 35.

1.6 Mindretalsanke

I saker der eit utval har delegert avgjerdsrett, kan 1 medlem, ordføraren eller rådmannen/etatssjefen innan møtet er slutt forlange saka lagt fram til avgjerd i overordna organ. Dette gjeld ikkje ved handsaming av klagesaker.

1.7 Uklart mynde

Er det uklart om eit utval har avgjerdsrett i ei sak, avgjer utvalet sjølv spørsmålet ved vanleg fleirtal. Eit vedtak om å bruke delegert mynde i slike tilfelle kan ankast etter regelen i pkt. 1.5 om mindretalsanke.

1.8 Kva for organ som er klageinstans

Enkeltvedtak fatta etter delegert mynde kan påklagast på vanleg måte etter forvaltningslova. Formannskapet er kommunen si klagenemnd etter forvaltningslova sin § 28. Når enkeltvedtak er gjort av formannskapet, er kommunestyret klageinstans, og for enkeltvedtak gjort av kommunestyret, er departementet ved fylkesmannen klageinstans.

Unntatt er vedtak etter særlov der statleg organ er klageinstans eller i saker der det er oppnemnt særskilt kommunal klageinstans. Den som er part i saka eller andre med rettsleg klageinteresse har klagerett.

1.8 Delegert mynde i budsjettsaker

Reglar om delegasjon i budsjettsaker er tatt inn i eige økonomireglement.

1.9 Vidaredelegasjon

Alt delegert mynde til formannskapet eller faste utval kan delegerast vidare til arbeidsutval eller til ordførar frå formannskapet, til leiar i utvalet frå faste utval eller til rådmannen. Dette gjeld i enkeltsaker og i typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter. (jfr. §§ 9 nr. 5, 10nr. 4 og 23 nr. 4) Rådmannen kan delegere vidare til andre tilsette, dersom delegasjonsvedtak / reglement ikkje har fastsett noko anna. (Sjå elles pkt. 10.1)

Rådmannen utarbeider sjølv, innanfor rammene av sitt mynde, reglar og retningslinjer for intern delegasjon og korleis slikt mynde skal utøvast.

1.10 Internkontroll

Utøving av delegert mynde føreset at retningslinjer for tilbakemelding/rapportering vert oppfylt. Dette gjeld både i høve til økonomireglementet og annan pålagd tilbakemelding og avviksrapportering. Ein føl vedtatt framgangsmåte der retningslinjer er utarbeidd og godkjent av delegerande organ.

1.11 Andre forhold

Reglane i dei særskilde delegasjonsreglementa gjeld i alle høve framfor reglane i dette reglementet (det generelle), der det er motstrid.

2. DELEGASJON TIL ORDFØRAR

2.1 Val

Kommunestyret vel ordførar blant medlemmane i formannskapet eller det organ som innehar formannskapsfunksjonen.

Dersom ordføraren midlertidig trer ut av vervet sitt, er det varaordførar som trer inn i hans stad.

Trer ordføraren endeleg ut av vervet, foretas nyval.

2.2 Rettsleg representant

Ordføraren er rettsleg representant for kommunen og skriv under på kommunen sine vegne i alle høve der myndet ikkje er tildelt andre.

2.3 Representant generelt

Ordføraren er kommunen sin representant i dei tilfeller annan person ikkje er særskilt vald. Ordføraren har rett til å bemyndige andre til å delta og til å representere kommunen med stemmefullmakt.

2.4 Offentlege gåver og merksemd

Ordføraren kan innvilge offentlege gåver og merksemd i samband med åpningar, jubile og åremålsdager i (organisasjoner) for inntil kr. 5 000 i kvart enkelt tilfelle. Kommunelova § 9.5.

2.5 Kurs og konferansar

Ordføraren avgjer søknader frå folkevalde om å delta på sektorovergripande kurs og konferansar.

2.6 Mynde under ferier

Ordførar og rådmann saman har under ferier mynde til å ta dei avgjerder som ikkje kan vente til rette politisk utval er samla, og som er å sjå på som kurante, såframt lova sjølv ikkje er til hinder for det.

3 DELEGASJON TIL FORMANNSKAPET

3.1.1 Delegasjon etter kommunelova

Med heimel i kommuneloven § 8.3 vert formannskapet tildelt avgjerdsmynde i alle saker kor det er adgang til å delegere i henhold til kommunelov og særlov og som ikkje er lagt til anna organ eller rådmannen. Alle saker som skal behandlast i kommunestyret skal fremmast for formannskapet med unnatak for dei saker som ligg under, eller er delegert til det enkelte utval.

Kommunestyret skal likevel avgjøre saker som gjeld:

- Kjøp eller sal av fast eigedom innanfor regulert område til en verdi over kr. 1 000 000,-.
- Nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.
- Opptak av lån.
- Overtaking av garantier.
- Hovudtrekka i kommuneadministrasjonen sin organisasjon.
- Kommunestyret si eiga saksbehandling.
- Alle planer av overordna betydning.

3.1.2 Valoppnemning av medlemmer til styrer, råd og utval

Formannskapet vert delegert mynde til å foreta val / oppnemning av medlemmer til styrer, råd og utval når loven ikkje krev at kommunestyret sjølv foretar val.

Formannskapet vert delegert mynde til å opprette komiteer, til å førebu behandling av saker og til å utføre særskilte verv,jfr. kommuneloven § 10 nr. 5.

3.1.3 Hastesaker/delegert mynde

Med heimel i kommuneloven § 13 vert formannskapet gjeve mynde til å fatte endeleg vedtak i saker som skulle vore avgjort av anna organ. Vilkår for å fatte vedtak i slike hastesaker, er at det er nødvendig å fatte vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle det organ som normalt har vedtakskompetansen.

3.2 Delegasjon etter andre lover, forskrifter og retningslinjer:

3.2.1 Valgloven av 28. juni 2003

Formannskapet vert delegert alt mynde som det er lovleg adgang til å delegere, og fatter nødvendig vedtak i medhald av valloven av 28. juni 2002.

3.2.2 Straffeloven av 22. mai 1902

Formannskapet vert delegert mynde til å gjere vedtak om påtale jfr. straffeloven av 22.mai 1902 nr. 10. (*Delegasjon til rådmannen jfr. punkt 7.1, når det gjelder begjæring av påtale for straffbare handlinger overfor kommunen med heimel i straffelovens § 79, 5 ledd..*)

3.2.3 Tvisteloven – 17. juni 2005

Formannskapet vert delegert mynde til å avgjøre om kommunen skal gå til søksmål eller nytte rettsmiddel med unntak av saker etter tvangsfullbyrdelsesloven.

3.2.4 Skjønnsprosessloven av 1. juni 1917

Formannskapet vert delegert mynde til å avgjøre om kommunen skal krevje avholdt skjønn eller påklage et skjønn i h.h.t. Skjønnsprosessloven 1. Juni 1917. Nr 1.

3.2.5 Serveringsloven av 13. juni 1997

Formannskapet vert delegert mynde til å fatte enkeltvedtak etter Serveringsloven av 13.06 1997 nr.55. med forskrifter når myndet ikkje kan delegerast til administrasjonen. Dette gjeld forskrift eller vedtak om permanent utvida opningstid jfr. § 15.

3.2.6 Vergemålsloven av 22. april 1927

Formannskapet vert delegert mynde til å ivareta kommunen sine oppgåver og mynde etter Vergemålsloven av 22. April 1927 nr.3 —mellom anna å velje overformynderi etter §§ 20, 22 samt å avgjøre kven som skal føre bøker m.m. etter § 24. Unnateke er kommunen sitt mynde til å halde ettersyn jfr. §27.3 ledd.(deleg. til kontrollutvalet jfr16.1)

3.2.7 Barnehageloven av 17. juni 2005

Formannskapet vert delegert mynde etter Lov om barnehager av 17. juni 2005 når det gjelder:

- Vedtak om val av kommunen sin(e) eigarrepresentant(ar) til samarbeidsutval (§ 4)
- Vedtak om evt. felles samarbeidsutval for barnehage og skole (. § 5.)

3.2.8 Vidare delegasjon til administrasjonen

Formannskapet kan delegere til rådmannen avgjerdsmynde for saker eller saksområde som ikkje er av prinsipiell karakter.

DELEGASJON TIL HOVUDUTVALA

4 Delegasjon til Plan- og økonomiutvalet (PLØK)

4.1 Delegasjon etter kommunelova.

4.1.1 Generelt

Med heimel i kommunelova § 10 nr. 2 får Plan- og økonomiutvalet mynde til å ta avgjerd i alle saker innanfor sitt ansvarsområde der ikkje anna føl av lover, forskrifter m.v., eller der ikkje andre er gitt mynde.

I saker der Plan- og økonomiutvalet ikkje har mynde til å avgjere saker innan sitt ansvarsområde, skal det normalt handsame sakene før desse vert lagt fram for overordna organ.

4.1.2 Oppretting og nedlegging av komitear/arbeidsutval

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde til å opprette og nedlegge komitear/adhoc-utval til å førebu handsaming av saker og til å utføre særskilde verv. jfr. kommunelova § 10 nr. 5 og nr. 6.

4.1.3 Budsjett og økonomisaker

Plan- og økonomiutvalet handsamar og tek avgjerd i budsjett- og økonomisaker i samsvar med mynde gitt i eige delegasjonsreglement for slike saker.

4.2 Mynde og ansvarsområde

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde til å behandle forvaltningssaker av prinsipiell betydning innan utvalet sitt ansvarsområde der mynde ikkje er delegert til anna utval eller rådmannen.

4.2.1 Plan og bygningsloven

Enkeltvedtak i samsvar med plan- og bygningsloven som er av prinsipiell karakter.

Plan- og økonomiutvalet er kommunen sitt faste utval for plansaker og er kommunen sitt planmynde etter kap. 11 (kommuneplan) og kapittel 12 (reguleringsplan) i plan og bygningsloven av 27. juni 2008 nr 71, så langt lova tillet det, med unnatak for § 12-14,2. ledd om mindre vesentlege endringer i plan. Her er myndet tillagt rådmannen medan det faste utvalget for plansaker er klageinstans.

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde etter Plan- og bygningslov av 27. juni 2008 etter følgjande bestemmelser: §§ 19-4, 12-4, 18-4, 18-8,26-1. Vedta program for utbetring etter § 31-8.

4.2.2 Lov om forurensning

Lov om vern mot forurensning og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (Forurensningsloven).

4.2.3 Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)

Vannressursloven av 24.11.2000, nr 82. Plan- og økonomiutvalet vert tillagt alt mynde så langt loven tillet det.

4.2.4 Lov om akvakultur

Lov om akvakultur av 17.06.2005, nr. 79.

4.2.5 Lov om havnevesen

Lov om havner og farvann av 17.april 2009 med unntak av:

Havnelovens § 42 vedr. forskrifter om orden i og bruk av havnen (Vedtak vert gjort av kommunestyret)

Havnelovens § 25 vedr. fastsetting av havneavgifter og forskrifter

Havnelovens § 9 vedr havneplanlegging som en del av kommuneplanen.

Enkeltvedtak som vert gjort etter havneloven kan påklagast direkte til Kystdirektoratet.

4.2.6 Lov om kulturminne

Lov om kulturminne av 9. juni 1978nr. 50, med unntak av uttale om fredningsforslag i samsvar til § 22 nr. 3, kor kommunestyret fattar endeleg vedtak.

4.2.7 Lov om folkebibliotek

I samsvar med Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985nr. 108, vert Plan- og økonomiutvalet delegert mynde til å fastsette reglement for folkebiblioteket jf. § 4.

4.2.8 Lov om friluftslivet

Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr. 16.

4.2.9 Lov om laksefiske og innlandsfiske

Lov om laksefiske og innlandsfiske av 15. mai 1992 nr. 47 .

4.2.10 Jordlova av 12 mai 1995

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde til å ta avgjerd og gje tilråding der kommunen har slikt mynde etter jordlova av 12. mai 1995, nr 2, og forskrift etter jordlova.

4.2.11 Skogbrukslova av 27.05.2005

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde til å ta avgjerd og gje tilråding der kommunen har slikt mynde etter skogbrukslova av 27.05.2005 og forskrifter etter skogbrukslova.

Plan- og økonomiutvalet er skogoppsyn i kommunen.

4.2.12 Konesjonslova av 28.11.2003

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde til å ta avgjerd og gje tilråding der kommunen har slikt mynde etter konsesjonslova av 28.11.2003, og forskrifter etter konsesjonslova.

4.2.13 Lov om forpakting av 25. juni 1965

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde til å ta avgjerd og gje tilråding der kommunen har slikt mynde etter lov om forpakting av 25. juni 1965 nr 1.

4.2.14 Lov om odelsretten og åsetesretten

Lov om odelsretten og åsetesretten av 28.06.1974, nr 58. Plan- og økonomiutvalet vert tillagt alt mynde etter odelsloven så langt loven tillate det.

4.2.15 Naturmangfoldloven av 19.06.2009

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde til å ta avgjerd og gje tilråding der kommunen har slikt mynde etter naturmangfoldloven av 19.06.2009, med unntak av fråsegn til vernetiltak kor kommunestyret gjer endeleg vedtak i samsvar med § 42, 2. ledd.

4.2.16 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Plan- og økonomiutvalet vert delegert mynde til å ta avgjerd og gje tilråding der kommunen har slikt mynde etter lov om motorferdsel i utmark av 10.juni 1977, nr 82.

4.2.17 Uttalar på vegne av kommunen

Plan- og økonomiutvalet gir uttalar på vegne av kommunen i alle saker frå sentralt hald (stat, fylke m.v.) innanfor sine ansvarsområde, og som ikkje er av ein slik art at kommunestyret sjølv, eller formannskapet skal ha dei til handsaming.

4.2.18 Delegasjon til rådmannen

Plan- og økonomiutvalet kan delegere til rådmann avgjerdsmynde for saker eller saksområder som ikkje er av prinsipiell karakter.

5 Delegasjon til Driftsutvalet (DRUT)

5.1 Delegasjon etter kommuneloven

5.1.1 Generelt

I medhald av kommuneloven § 10 vert Driftsutvalet delegert mynde til å treffe avgjerder i alle saker som gjelder utvalget sitt ansvarsområde som det etter kommuneloven er adgang til å delegere, og som ikkje er vedteke lagt til anna organ eller til rådmann.

I saker der Driftsutvalet ikkje har mynde til å avgjere saker innan sitt ansvarsområde, skal det normalt handsame sakene før desse vert lagt fram for overordna organ.

5.1.2 Oppretting av komitear

Driftsutvalet vert delegert mynde til å opprette og nedlegge komitear/adhoc-utval til å førebu handsaming av saker og til å utføre særskilde verv. jfr kommuneloven § 10 nr. 5 og nr 6.

5.1.3 Budsjett- og økonomisaker

Driftsutvalet handsamer og tek avgjerd i budsjett- og økonomisaker i samsvar med mynde gitt eige delegasjonsreglement for slike saker.

5.2 Mynde og ansvarsområde

Driftsutvalet vert delegert mynde til å behandle forvaltningssaker av prinsipiell betydning innan utvalet sitt ansvarsområde der mynde ikkje er delegert til anna utval eller rådmannen.

5.2.1 Helse og omsorgstenesteloven

5.2.2 Lov om barnevernstenester

5.2.3 Lov om helsemessig beredskap

5.2.4 Lov om psykisk helsevern

5.2.5 Alkoholova (Driftsutvalet er kontrollutval)

5.2.6 Folkehelseloven

Godkjenne skolar og barnehagar og andre verksemder som det vert krevd godkjenning for i lov og forskrift (jfr. delegasjon til rådmannen), jfr folkehelseloven § 8, 2. ledd, § 16 og § 18.

Påleggje utgreiing av helsemessige konsekvensar av forhold som vert omhandla av lova, jfr. § 11. Ileggje tvangsmulkt, jfr. §15

5.2.8 Lov om vern av smittsamt sjukdomar.

Ta avgjerd om møteforbod, stenging av verksemd, isolering, desinfeksjon m.v., jfr. smittevernlova § 4-1. Ta avgjerd ved å iverksette tiltak etter § 4-1 d og e om å bruke og om nødvendig skade av andre sin eigedom.

Vedta reglar i høve gravferd, jfr. § 4- 6 første ledd.

Påleggje helsepersonell nødvendig opplæring, jfr. § 4-9 første ledd.

Påleggje deltaking i smittevernarbeid, jfr. §4-9 andre ledd.

Påleggje legar å delta i førebyggjande arbeid, undersøkingar, behandling m.v., jfr.§4-9 fjerde ledd.

5.2.10 Lov om tobakkskader.

Ileggje tvangsmulkt etter § 6, 7. ledd.

5.2.12 Veglov

Veglova av 21. Juni 1963 nr. 23. Driftsutvalet er vegstyresmakt i henhold til § 9.

5.2.13 Vegtrafikkloven

Vegtrafikkloven av 18. Juni 1965 nr, 4.Vedtak vedr skiltregler m.m. (555') og fartsregler (§ 6)

5.2.14 Lov om yrkestransport med motorvogn

Lov om yrkestransport. - unntatt saker som vedrører kollektivtransporten.

5.2.15 Lov om kommunale vann- og kloakkavgifter

Lov om kommunale vann- og kloakkavgifter av 31. Mai 1974 nr. 17.

5.2.16 Lov om sivilforsvaret

Lov om sivilforsvaret av 25 juni 2010 nr 45. Bistå justisdepartementet med utbygging, forvaltning og drift/vedlikehold av anlegg og utstyr.

5.2.17 Lov om eierseksjoner

Lov om eierseksjoner av 23. mai 1997 nr. 31. Gjelder seksjonering i bygning og innanfor grunneigedom.

5.2.18 Brann- og eksplosjonsvernloven

Brann- og eksplosjonsloven av 14.06.2002,nr 20. Driftsutvalet vert tillagt alt mynde så langt det ikkje er delegert til rådmannen,- jfr punkt 9.7.9.

5.2.19 Opplæringslova

Opplæringslova av 17.07.98, nr 61. Driftsutvalet vert tillagt alt mynde etter opplæringslova så langt loven tillate det.

5.2.20 Barnehagelova

Barnehagelova av 17.juni 2005 nr 64. Driftsutvalet vert tillagt alt mynde etter barnehagelova så langt loven tillate det.

5.2.21 Vaksenopplæringslova

Vaksenopplæringslova av 19.06.2009 nr. 95. Driftsutvalet tek avgjerd i saker kommunen skal avgjere etter vaksenopplæringslova som er av prinsipiell karakter, mellom anna å fastsetje retningslinjer innanfor kommunen sitt engasjement etter lova.

5.2.22 Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21

5.2.23 Lov om stadnamn av 18. mai 1990'nr. 11;

5.2.24 Tomtetildeling

Tildeling av fleire tomter til firma gjerast av Driftsutvalet.

5.2.25 Bustader til utleige

Driftsutvalet vert delegert mynde til å fastsette husleigene i dei kommunale utleigebustadene.

5.2.26 Tilskot av spelemidlar m.v.

Driftsutvalet vert delegert mynde til å prioritere søknader om tilskot av spelemidlar og andre eksisterande tilskotsordningar i samsvar med gjevne retningslinjer.

5.3 Uttaler på vegne av kommunen

Driftsutvalet gir uttaler på vegne av kommunen i alle saker frå sentralt hald (stat, fylke m.v.) innanfor sine ansvarsområde, og som ikkje er av ein slik art at kommunestyret sjølv, eller formannskapet skal ha dei til handsaming.

5.4 Delegasjon til rådmannen

Driftsutvalet kan delegere til rådmann avgjerdsmynde for saker eller saksområder som ikkje er av prinsipiell karakter.

6 DELEGASJON TIL ADMINISTRASJONSSTYRET

6.1 Delegasjon etter kommunelov

6.1.1 Generelt

Med heimel i kommunelova § 10 nr. 2 får Administrasjonsstyret mynde til å ta avgjerd i alle saker innanfor sitt ansvarsområde der ikkje anna føl av lover, forskrifter m.v., eller der ikkje andre er gitt mynde.

I saker der Administrasjonsstyret ikkje har mynde til å avgjere saker innan sitt ansvarsområde, skal det normalt handsame sakene før desse vert lagt fram for overordna organ.

6.1.2 Oppretting og nedlegging av komitear/arbeidsutval

Administrasjonsstyret vert delegert mynde til å opprette og nedlegge komitear/arbeidsutval til å førebu handsaming av saker og til å utføre særskilte verv innan administrasjonsstyret sitt ansvarsområde.

6.1.3 Oppgaver

Administrasjonsstyret er kommunen sitt hovudstyre i personal- og administrasjonssaker og har som arbeidsområde dei oppgaver som har tilknytning til kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

6.1.4 Uttale i tilsettingssaker

I sak som gjeld tilsetjing av rådmann.

6.1.5 Ankeinstans

Administrasjonsstyret skal vere ankeinstans for tilsettingssaker der administrasjonssjefen har tilsettingsmynde, jfr punkt 7.3.

6.1.6 Retningslinjer for tilsettings- og rekrutteringsprosedyrer m.v.

Administrasjonsstyret skal vedta overordna planer/retningslinjer innan administrasjonsstyret sitt ansvarsområde.

6.1.7 Uttalar på vegne av kommunen

Administrasjonsstyret gir uttaler på vegne av kommunen i alle saker frå sentralt hald (stat, fylke m.v.) innafor sine ansvarsområde, og som ikkje er av ein slik art at kommunestyret sjølv, eller formannskapet skal ha dei til handsaming.

7 DELEGASJON TIL RÅDMANNEN — Sektorovergripande

7.1 Delegasjon etter kommunelova, §§ 23 nr. 4 og 24 nr. 1

Med heimel i kommunelova §§ 23 nr. 4 og 24 nr. 1, får rådmannen mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter og der ikkje anna følv av lover, forskrifter m.v. eller der ikkje andre er gitt mynde.

Rådmannen avgjer sjølv om mynde skal delegerast vidare internt.

Rådmannen kan også delegere mynde innanfor dei rammene og retningslinjene som er trekt opp av kommunen sine politiske myndigheiter. Det vert i denne samanhengen kravd at det vert etablert tilfredsstillande, skriftlege kontroll- og rapporteringsrutiner for utøving av det vidaredelegerte mynde.

7.2 Delegasjon i budsjett og økonomisaker

Rådmannen tek avgjerd i budsjett- og økonomisaker i samsvar med mynde gitt i eige reglement for slike saker.

7.3 Delegasjon til rådmannen i personalsaker

Rådmannen vert delegert mynde i tilsettingssaker. Dersom den som representerer dei tilsette i ein administrativ tilsettingsprosess ikkje er samd i det vedtaket rådmannen legg opp til, kan vedkomande krevje at saka vert avgjort i administrasjonsutvalet.

Rådmannen vert elles delegert mynde til å:

- a) fastsetje lønsansiennitet for alle stillingar
- b) godkjenne utlysingstekstar for ledige stillingar
- c) gje permisjonar med og utan løn der dette er heimla i kommunale reglement, lover, forskrifter,

- d) tariffavtaler og hovedavtaler . .
- e) fastsetje/godkjenne flytteutgifter i samsvar med kommunalt reglement
- f) tildele tenestetelefon i samsvar med kommunalt reglement
- g) gje merksemd/påskjøning/gåver i samsvar med kommunalt reglement
- h) avgjere søknader om deltaking på kurs, konferansar m.v. innanfor vedtekne økonomiske rammer i budsjettet
- i) godkjenne bruke av eigen bil i teneste under føresetnad av budsjettmessig dekning
- j) andre enkeltsaker av personalmessig-/administrativ karakter som ligg innanfor vedtekne reglar/retningslinjer og økonomiske rammer i budsjett/økonomiplan.
- k) handsame saker om oppseiing av tilsette.

7.4 Oppretting og nedlegging av stillinger og stillingsheimlar

Rådmannen vert tildelt mynde til å opprette og nedlegge stillinger og heimlar i samsvar med vedteke budsjetttrammer.

7.5 Forhandlingsutval

Forhandlingsutvalet vert peika ut av rådmannen. Forhandlingsutvalet får delegert mynde til å førebu og gjennomføre tingingane om løn med organisasjonane etter Hovedtariffavtalen sitt kapittel 4 og 5.

Forhandlingsutvalet får også mynde til å førebu og gjennomføre "førebuande forhandlingar" for arbeidstakarar innan statleg avtaleverk.

7.6 Tilvisningsmynde

Rådmannen har tilvisningsmynde innan heile kommunen sitt budsjett og kan delegere denne til andre i administrasjonen.

7.7 Tilbod/anbud

Rådmannen har mynde til å anta tilbod/anbud *dersom* slikt mynde ikkje er lagt til andre nemnder eller organ og til å inngå kontrakter for arbeid og leveranser for inntil kr 500 000,-. Kjøp skjer i samsvar med lov/forskrift om offentlege anskaffelser.

7.8 Politiske parti

Rådmannen vert delegert mynde til å fordele støtte til politiske partier etter fastsette reglar.

7.9 Pant/prioritetsviking

Rådmannen vert gjeve mynde til å fråfalle pant for lån i mindre parseller,, samt vike prioritet når dette ikkje medfører særleg tapsrisiko for kommunen.

7.10 Næringsfondsaker

Rådmannen far fullmakt til å ta avgjerd i næringsfondsaker med ei ramme på inntil kr 30 000,-.

7.11 Straffeloven av 22. mai 1902 nr. 10

Rådmannen vert delegert mynde etter straffeloven når det gjelder begjæring av påtale for straffbare handlingar overfor kommunen med heimel i straffeloven § 79, 5 ledd (påtale i saker som gjeld innbrot, hærverk på kommunen sin eigedom og for øvreg i dei tilfeller der omsynet til hurtig etterforskning krev rask påtale).

7.12 Alkoholloven av 2. juni 1989

Avgjerd av søknader om ambulerande løyve og for einskild anledning vert delegert til rådmannen.

7.13 Tomtetildeling

Tildeling av tomter i bustadfelt vert gjort av rådmannen i tråd med retningsliner for tildeling. Tildeling av fleire tomter til einskildpersonar skal i kurante saker gjerast av rådmannen.

7.14 Utleige av bustader

Rådmannen vert delegert mynde til å leige ut kommunale utleigebustader på vegne av kommunen.

7.15 Serveringsloven

Rådmannen vert delegert mynde etter serveringsloven av 13. juni 1997 nr 55 med forskrifter. Fylkesmannen er klageinstans så langt det er fastsett i § 27.

7.16 Tvangsfullbyrdelsesloven

Rådmannen vert delegert mynde etter tvangsfyllbyrdelsesloven av 26. juni 1992 nr 6 til å begjære tvangsfyllbyrdelse av krav kommunen har når det ligg føre alminneleg eller særskilt tvangsgrunnlag jfr § 4-1. Rådmannen vert delegert mynde til å krevje mellombels forføyning når det ligg føre sikringsgrunn jfr §§ 154 og 15-2.

Rådmannen vert delegert mynde til å gje bod og kjøpe lausøyre ved tvangssal med inntil kr 50 000,- pr tvangssal.

7.17 Sivilforsvarsloven

Rådmannen vert delegert mynde til å handsame saker etter lov om sivilforsvaret av 25. juni 2010 nr. 45 med forskrifter. (Fylkesmannen eller annan statleg instans fatter vedtak. Kommunen gjev tilråding basert på faglege omsyn som vert definert i lov og forskrift).

7.18 Trussamfunn

Rådmannen vert delegert mynde til å vedta tilskot etter § 19, 2. ledd jfr. lov om trossamfunn av 13. juni 1969 nr 25. (Departementet er klageinstans).

8 DELEGASJONTIL RÅDMANNEN—innan Plan- og Økonomiutvalet sitt område

8.1.1 Plan- og bygningsloven

Rådmannen vert delegert mynde etter plan-og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 med unnatak av dei paragrafane som er delegert til Plan-og økonomiutvalet så langt lova tillet det. Vedtak som vert rekna som prinsipielle skal gjerast av politisk organ. Vedtak som ikkje bryt med vedtekne planer er alltid ikkje prinsipielle vedtak .

Eventuelle avgjerder som ikkje er enkeltvedtak vert gjort av Plan-og økonomiutvalet.

8.1.2 Lov om eigerseksjonar

Rådmannen vert delegert mynde til å forvalte Lov om eierseksjoner av 23. mai 1997 nr. 31. Dette gjeld seksjonering i bygning og innanfor grunneigedom. Vidare vert rådmannen delegert mynde til å fatte vedtak om unntak frå seksjoneringsforbud etter lov om eierseksjoner av 23. mai 1997 nr. 12. Unnateke er fastsetting av gebyr som er tillagt kommunestyret.

8.1.3 Lov om eiendomsregistrering

Rådmannen vert delegert all mynde som følgjer av lov om eiendomsregistrering (matrikkelloven) av 5. juni 2009 med forskrifter inkludert matrikkelmynde jf § 5a, og så langt det er tillatt i samsvar med delegasjonsreglementet, med unntak av mynde til å fastsette gatenavn. Dette myndet er tillagt grendautvala.

8.1.4 Forurensningsloven

Rådmannen vert delegert mynde til å fatte enkeltvedtak etter Forurensningsloven av 13. mars 1981 nr. 6 med forskrifter med heimel i § 83.)

Rådmannen vert delegert mynde til å gjere einskild vedtak etter forurensningslova av 13. mars 1981, nr 6 om vern mot forurensing av avfall§ 9 nr. 1 og 3, § 11,2. ledd og § 81 (sist endra 9. mars 2001), forskrift av 3 april 1989 om anlegg og vedlikehold av planeringsfelt, forskrift av 1. august 1991 om silo pressaft og forskrift av 26. november 1998 om husdyrgjødsel.

8.1.5 Lov om vassdragene

Rådmannen vert delegert mynde til å forvalte lov om vassdragene av 15. Mars 1940 nr. 3 med forskrifter så langt det er tillatt etter lova.

8.1.6 Lov om havner og farvann

Rådmannen vert delegert mynde til å fatte vedtak vedr. Lov om havner og farvann av 8. Juni 1984 nr. 51 som ikkje er av prinsipiell art med unntak av:

Havnelovens§ 10 vedr. forskrifter om orden i og bruk av havna.
Havnelovens§ 21vedr.fastsetting av havneavgifter og forskrifter
Havnelovens§ 27vedr havneplanlegging som en del av kommuneplanen. Enkeltvedtak som treffes Etter havneloven vert påklaga direkte til Kystdirektoratet.

8.1.7 Naturmangfoldloven

Rådmannen vert delegert mynde til å forvalte lov av 19.05.2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) med forskrifter så langt det er tillatt etter loven.

8.1.8 Lov om folkebiblioteket

av 20. des.1985nr. 108medforskrifter.

8.1.9 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Rådmannen vert delegert mynde til å fatte vedtak ved Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr. 82.

8.1.10 Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom av 28. november 2003 nr. 98

Rådmannen vert gjeve fullmakt til å ta avgjerd om søknader som gjeld:

- Konsesjon på areal som er ein del av byggeområde som nemnt i plan- og bygningslova §§ 20-4 første del nr. 1 og 25 første ledd nr 1.
- Konsesjon på ei einskild bustadtomt eller tomt for fritidsbustad som ikkje er bygd på jf. konsesjonslova § 4 nr.1, dersom tomta ikkje er større enn 2 dekar.
- Konsesjon på eiendom der konsesjonsfridom er avgrensa eller sett ut av kraft med heimel i konsesjonslova § 4 tredje ledd. Dette gjeld og når det er innført forskrift etter § 4 tredje ledd slik paragrafen var før lovendringa av 3. juni 1983.
- Konsesjon på utbyggingskontraktar som nemnt i konsesjonslova § 3.

8.1.11 Jordlova av 12. mai 1995

Rådmannen vert gjeve fullmakt til å ta avgjerd om søknader som gjeld:

- Omdisponering og frådelling etter §§ 9 og 12 i jordlova av enkelttomter ikkje over 2 dekar somdet ikkje er bygd på.
- Omdisponering og frådelling etter §§ 9 og 12 i jordlova av areal som grensar til og skal leggjast til tidlegare frådelt tomt med eller utan bygningar, inntil tomt og tilleggstomt til saman er 2dekar.
- Omdisponering av dyrka jord etter § 9 i jordlova til skogsmark for areal ikkje over 50 dekar.
- Gje fråsegn om oppstart av reguleringsplaner
- Gjere vedtak til endringar av tidlegare regulert område.
- Godkjenne dyrkingsplaner og vegplaner etter § 11 i jordlova.

8.1.12 Lov om skogbruk og skogvern av 27. mai 2005

Rådmannen vert gjeve fullmakt til å ta avgjerd om søknader som gjeld:

- Omdisponering av skogsmark til einskildtomter som ikkje er større enn 2 dekar.
- Omdisponering av skogsmark av areal som grensar til tomteareal, når omdisponert areal tilsaman ikkje blir over 2 dekar.
- Omdisponering av skogsmark til oppdyrking når arealet ikkje er større enn 50 dekar.

9 DELEGASJON TIL RÅDMANNEN - Driftsutvalet sitt område

9.1 Helse og omsorgstenesteloven

- Ta avgjerd i enkeltvedtak om vederlag, jfr. § 11-2 (satsar/prisar vert avgjort politisk i medhald av lov/forskrift)
- Inntak av pensjonærar ved eldreinstitusjonane; jfr. helse og omsorgstenesteloven § 3-1 og 3-5.
- Tilsette personell med nødvendige kvalifikasjonar til å arbeide i helsetenesta, jfr. § 3-3.
- Ta avgjerd i rutinesaker som omhandlar vassforsyning, avlaup og kloakkløysingar i samband med nybygg eller endring av einebustad og enkeltstående fritidshus.
- Ta avgjerd i rutinesaker som omfattar bygningshygiene/inneklima i offentlege eller andre bygningar, eller endring i bruk av eksisterande bygningar (Døme: Bamehager, skolar, idrettshallar, forsamlingshus)
- Ta avgjerd som omhandlar sikring av drikkevasskjelder
- Ta avgjerd i saker som gjeld sprøyting av skog
- Ta avgjerd i rutinesaker vedr. konsesjonssøknad frå eksisterande næring som er pålagt konsesjon.
- Ta avgjerd i rutinesaker vedr. campingplassar, kyrkjegardar, bassengbad og boblebad.
- Ta avgjerd vedr. undervisning, opplæring og vidareutdanning av fast tilsett personell og praksisplassar for studentar. jfr. §§ 6.1 og 6.2
- Ta avgjerd i disponering av pensjonærane sine kontantytningar og felles trivselsordningar.
- Syte for at legemiddelforsyninga i kommunen si helseteneste blir organisert og dreve i samsvar med lover og forskrifter og andre gjeldande bestemmelser, jfr. forskrift av 18. nov. 1987 nr. 1153 § 2 første ledd.
- Mynde etter forskrift om medisinsk naudmeldeteneste (kommunikasjonsberedskap i helsetenesta) av 20. aug. 1990 nr. 720.
- Klagerett etter forskrifter for ferdigbehandla pasientar i sjukehus.

9.2 Alkohollova.

- Skifte av styrrar og stedfortredar, jfr. § 1-7c.
- Ambulerande skjenkeløyve etter § 4-5 og skjenkeløyve for ei enkelt anledning, jfr. § 1-6.
- Utviding av skjenketid for ei enkelt anledning.
- Flytting av skjenkelokale for ei enkelt anledning.
- Fastsette løyvegebyr i samsvar med alkohollova sine satsar
- Vedtak om å avslå søknad om løyve når talet på sals- og skjenkeløyve er nådd.

9.3 Serveringslova.

Rådmannen får delegert mynde etter Serveringsloven av 13. juni 1997 nr 55 med forskrifter. Fylkesmannen er klageinstans så langt det er fastsett i § 27.

9.4 Lov om tobakkskader.

Rådmannen vert delegert oppgåver etter denne lova med forskrifter med unntak av det som delegert til Driftsutvalet, jfr. pkt . 3.4.

9.5 Lov om statleg tilsyn med helsetenesta- interkontrollsystemet.

Rådmannen får delegert ansvar og mynde etter denne lova.

9.6 Lov om tilsyn med næringsmidlar m.v.

Godkjenneplaner for alle verksemdar som kjem inn under lova sitt ansvarsområde, og fastsette kor lenge godkjenningstida skal vare.

Godkjenne stemmer, messer, marknader, idrettsarrangement m.v.

Godkjenne automatar.

Godkjenne transportmidlar til ervervsmessig transport av kjøtt og kjøttvarer, salsbilar for næringsmidlar m.v.

Godkjenne handel utan fast utsalsstad .

Gje pålegg vedr. orden og hygiene.

Gje pålegg av utbetingar, vedlikehald og nyanskaffingar av utstyr

Gje pålegg som resultat av laboratorieanalyser

9.7 Helse og omsorgstjenesteloven

Rådmannen får delegert mynde etter lov av 24.juni 2011 nr 30, om kommunale helse og omsorgstjenester m.m. Fylkesmannen er klageinstans.

9.8 Lov om eierseksjoner

Rådmannen vert delegert mynde til å forvalte Lov om eierseksjoner av 23. mai 1997 nr. 31.

Gjeld seksjonering i bygning og innanfor grunneigedom. Vidare vert rådmannen delegert

mynde til å fatte vedtak om unntak frå seksjoneringsforbud etter Lov om eierseksjoner av 23.

Mai 1997 nr 12 § .Unnateke er fastsetting av gebyr som er tillagt kommunestyret. Kommunen si klagenemnd er klageinstans.

9.9 Naboloven

Rådmannen vert delegert mynde til å opptre på kommunen sine vegne i forhold som vert omfatta av naboloven av 16. Juni 1961 nr. 15.

9.10 Vegloven

Rådmannen vert delegert mynde til å fatte vedtak etter vegloven med forskrifter så langt det er tillatt etter lova med unntak av dei §§ som er delegert til Driftsutvalet.

9.11 Vegtrafikkloven m/forskrifter

Rådmannen vert delegert mynde til å forvalte vegtrafikkloven m/forskrifter så langt det er

tillatt etter lova med unntak av dei §§ som er delegert til Driftsutvalet. Kommunen si

klagenemnd(*formannskapet*) er klageinstans for enkeltvedtak fattet av kommunen i medhald av skiltforskrift.

9.12 Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova)

Rådmannen vert delegert all mynde som følgjer av matrikkellova § 5a med forskrifter

inkludert mynde som oppmålingsmynde etter, så langt det er tillatt og i samsvar med

delegasjonsreglementet med unntak av mynde til å fastsette gate- /vegnamn etter § 21 med forskrifter.

9.13 Lov om samferdsel

Rådmannen vert delegert mynde til å forvalte Lov om samferdsel av 4. Juni 1976 nr. 63 m/forskrift så langt det er tillatt etter loven, med unntak av de §§ som er delegert til andre.
(kommunestyret/formannskapet og Driftsutvalet)

9.14 Lov om kommunale vann- og kloakkavgifter

Rådmannen vert delegert mynde til å forvalte Lov om kommunale vann- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 m/forskrifter så langt det er tillatt etter loven, med unntak av de §§ som er delegert til kommunestyret.

9.15 Brann-og eksplosjonsvernloven

Brann- og eksplosjonsloven av 14.06.2002, nr 20. Rådmannen vert tillagt alt mynde så langt loven tillate det.

9.16 Opplæringslova

Opplæringslova av 17.07.98, nr 61. Rådmannen vert delegert mynde til å avgjere saker etter opplæringslova med unntak av det som kjem fram etter pkt. 4.2.20.

9.17 Barnehagelova

Barnehagelova av 17.06.2005 nr 64. Rådmannen vert delegert mynde til å avgjere saker etter barnehagelova med unntak av det som kjem fram under pkt. 4.2.21

Vidare vert rådmannen delegert mynde til, etter nærare retningslinjer, å gjere opptak i kommunale barnehagar og barnehagar der kommunen etter avtale gjer opptaket.

9.18 Vaksenopplæringslova

Vaksenopplæringslova av 19.06.2009, nr. 95. Rådmannen vert delegert mynde til å avgjere saker etter vaksenopplæringslova med unntak av det som kjem fram etter pkt. 4.2.22.

9.19 Lov om film og videogram

Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr. 21 til å fatte vedtak i løyvesaker etter par. 2.

10 DELEGASJON TIL ANDRE

- Kommunestyret si mynde i medhald av kap. 4 a i kommunehelselova med unntak av 4a-11, tredje ledd, kan utøvast av kommunelege I. Dersom det grunna tidsnaud er nødvendig for at kommunestyret sine oppgåver etter lova skal bli gjennomført.
- Kommunestyret si mynde i medbald av lov om vern mot smittsame sjukdomar kan utøvast av kommunelege I i hastesaker.
- Kommunelege I og hans stedfortredar far delegert fullmakt som tutor (legegransking, innlegging i psykiatrisk institusjon utan vedk. sitt samtykke) etter forskrifter om psykisk helsevern.

10.1.2 Barnevernsleiar.

Barnevernsleiar får tillagt ansvaret for oppgåver etter lova, jfr. barnevernstenestelova § 2-1, 3. avsnitt.

10.1.3 Romsdals Næringsmiddeltilsyn

Romsdals Næringsmiddeltilsyn vert delegert det mynde kommunen er gjeve, og som det er mogleg å delegere etter bestemmelsene i Lov om matproduksjon og mattrygghet av 19.12.2003 § 23.

10.1.4 Viltnemnda

Kommunen sitt mynde etter § 4, punkt 5, i viltloven av 29.05.1981 nr. 38 vert delegert til viltnemnda.

10.1.5 Kontrollutvalet

Kommunen sitt mynde etter vergemålsloven av 26.03.2010 § 27.3 ledd, til å halde ettersyn hos overformyndieret vert delegert til kommunen sitt kontrollutval.

Kontrollutvalet bestemmer sjølv kven som skal forestå ettersynet.

11 IVERKSETTING

Dette reglementet er vedtatt av Fræna kommunestyre den... , og tek til å gjelda frå...

Endringar av dette reglementet kan kun gjerast av kommunestyret der det ikkje framgår av reglementet at andre kan delegere vidare sitt mynde.

Kurante endringar av reglementet kan gjerast administrativt når dette er nødvendig som følgje av lovendringar.

11.1 Kommentar:

Økonomireglementet

Økonomireglementet kjem som eige reglementet med tilvisingar begge vegar der dette er tenleg.

Hovudprinsippet bør vere at økonomisk ansvar/fullmakt følgjer mynde for utøving. Dette slik at organ/instans med ansvar for å gjere vedtak/ta avgjerd på vegne av kommunen, også har det økonomiske ansvaret for at det er budsjettmessig dekning for å setje i verk avgjeda.

Økonomireglementet tek for seg all delegasjon frå kommunestyret til formannskap, hovudutval, andre utval, til rådmannen og all vidaredelegering med retningslinjer, reglar og prosedyrar for føring, rapportering, avviksrapportering og tilbakemelding frå dei som er delegert mynde, og til overordna organ/instans.